



# MENIGHETSBLAD FOR VANG I VALDRES

*Nå tenner vi vår adventskrans, vi gleder oss i lysets glans. Den sier oss at Gud har brakt, det lys som bryter mørkets makt. Hvert adventslys skal skinne klart, og si at Jesus kommer snart. Hvert lys vi tenner, bringer bud, når Jesus kommer, ser vi Gud.*

Nr. 4

61. årgang

Jul 2020



Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»

Lukas 2:4-12

### Kva er eit håp?

Eg tykkjer det er spennande å sjå kva som skjer med eit ord når eg prøver å sjå det føre meg.

Ta håp som eksempel: Er det stort eller lite? Er det lysegrønt kanskje?

Kan du ta i det? Halde det i hendene? Eller er det så stort at du slett ikkje kan ta det med deg, ikkje rikke på det eingong. Altså eit skikkelig stort håp.

Eit ein må være fleire i lag for å bære! Det er i alle fall ikkje eit håp ein står i fare for å miste.

Kanskje tykkjer du dette berre er leik med ord, men eg meiner at eg prøver, saman med deg, å verkeleg få tak i kva eit håp er. For det er rekna for å være svært godt å ha eit håp – for alle som ein.

Eg har komme fram til at det er godt med håp like i nærheten av oss alle. At det går an å ta i det og sørge for det; heilt konkret. Oppgåva, eller muligheten, ligg i å oppfatte at det er håp ein er i nærheten av!

Og no; bli med meg til Betlehem, til forteljinga om Jesu fødsel.

Kven av dei som var der den gongen, trur du tenkte at – dette barnet – med dei foreldra – og i den settingen – kjem til å bringe, ja være sjølv håpet for folk til alle tider?

Eg gjetar at ingen av dei som overvar hendinga, eller forresten utenom mor Maria, såg, tok i, og oppfatta håpet der og då. Me kjenner det att fordi me ser oss tilbake, er blitt fortalt og har lært dette.

Men håpet, slik me kjenner det, ligg sjeldan i tida som var. Neida! Håpet ligg eller står å ventar framføre oss.

Slik det gjorde for alle me kjenner frå juleevangeliet, gjetarane, kongane, Josef, Maria.

- I dag er det fødd dykk ein frelsar. Og ja. Dei kunne ta i han, bære han. Men at nokon av dei forsto rekkevidda av kva dei var ein del av den gongen? Sikkert ikkje.

Jesusbarnet var likevel sjølv håpet. Same om dei som var tilstades oppfatta rekkevidden av det eller ei. Fint for oss at håpet er større enn vår evne til å reflektere.

Tilbake til Vang, koronakvardagar og julehøgtid spør eg: Kan det være me har store konkrete håp rett rundt oss, utan at me er klar over dei? Kan det være slik at Gud sjølv legg både små og store håp lett til rette for oss og håpar me oppfattar den enorme rekkevidda kvart håp har? Eg trur det.

*For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hands skulder. Han har fått namnet Underfullo rådsgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste. Så skal herreveldet være stort og freden utan ende.*

Jesaja 9:6

**Gledeleg jul!**  
**Ingebjørg Vik Laugaland**

### VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark  
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no

### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjevevje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Steinar Frøyen  
steinar.froyen@gmail.com

### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland

### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie  
Kyrkjetenar: Andris Veflen  
Kyrkjevevje: Andris Kjøs  
Soknerådsleiar:  
Marta Bjørnøy Lalim  
martalalim@gmail.com

### ØYE KYRKJE OG

ØYE STAVKYRKJE  
Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland  
Kyrkjevevje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Torild Øye  
torild1707@gmail.com

### TILSETTE:

Sokneprest:  
Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf. 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Kontakttid på Drengestøga:  
tirsdag til fredag kl. 09.00-15.00.

### Kyrjekontoret på Kommunehuset

Dagleg leiar: Guro Hovda  
Sekretær: Jovita Budvytiene  
Tlf: 61 36 95 90  
e-post: gh575@kirken.no  
Kontortid: 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Būdvytis

### Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:

Nils Bjarne Wangensteen  
Tlf: 926 67 124  
Felles e-post:  
post.vangivaldres@kirken.no

Neste Menighetsblad utkommer uke 12, frist for innsending av tekst og bilder er 25. februar 2021. Bidrag sendes på -post til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

### Utfordrende tider

Vi nærmer oss jula og kanskje er tradisjonene viktigere i år enn noen gang. Det er viktig for oss alle at vi klarer det også i år. Vi må holde oss innenfor de rammene myndighetene setter for oss, men samtidig vil kirken gi befolkningen et så godt tilbud som mulig.

I forrige menighetsblad skrev vi om antallet vi har lov å slippe inn i kirkene. I skrivende stund er det innstramminger på dette, på grunn av oppblomstring i koronasmitten. Nå er tallet maks 50, men i Øye er det ikke fysisk plass med 1m avstand til flere enn 30.

Dette gir utfordringer for gudstjenester og andre arrangement i juletida, og vi har funnet en god løsning for å melde seg på de gudstjenestene/ arrangementene man vil delta på. Vi håper ikke dette betyr at mange tenker at «da blir det sikkert ikke plass til oss», - joda – det kan godt hende det er plass, og har du meldt deg på og det fortsatt er plass, så får du plass.

Vi fortsetter selvsagt med god smittehygiene og registrering av alle som kommer. Se ellers eget stykke om dette.

### Bispevisitas i 2021

Neste høst kommer biskop Solveig Fiske på visitas til Vang. Det blir stas! Sist hun var her var i 2011. Det er oppretta en komite med medlemmer fra alle sokn som skal jobbe med programmet. Vi har ikke starta dette, men utpå nyåret er vi i gang. Fra kirkekontoret sin side jobber vi med å legge en plan for vedlikehold denne vinteren slik at kirkene er i best mulig stand når hun kommer. Men vi skal også vise fram innholdet i hva vi driver med, og det skal bli fint å gå grundig inn i dette når vi skal forberede oss på visitasen.

### Øyebakkin

Endelig! I desember starter Vang Maskin å grave grøfta som skal lede vann fra høydebasseng ovenfor nye E16 og ned til nytt slokkeanlegg i Øye stavkyrkje. Dette er starten for å få vekk den midlertidige containeren med



slokkevann, så etter 26 års venting bør det vel nesten flagges i Øye den dagen. Det røde huset på Øyebakkin ble kjøpt med tanke på servicehus, men det viser seg å være i så dårlig forfatning at det blir for kostbart å restaurere. Så nå er planen å rive huset, og sette opp et nytt hus i samme området, litt nærmere bekken. Politikerne har mye å bruke penger på, så om huset skal inneholde noe mer enn teknisk rom for slokkeanlegget, er usikkert akkurat nå. Om det blir plass for omviser veit vi ikke, og det er avgjørende for om kulturskatten Øye stavkyrkje blir åpen for omvisning.

Til slutt ønsker jeg alle en riktig god jul, og alt godt for det nye året!

Guro Hovda

## Justert liturgi for hovedgudstenesta i sokna i Vang

### Kyrkjemøtet vil

I haust har kyrkjelydane i heile landet fått brev frå biskopane sine der alle skulle gå gjennom liturgien i gudstenesta og revidere og justere den. Kyrkjemøtet vedtok følgjande målsetjing (fritt omsett):

*Dei som deltek på gudstenestene skal kjenne seg att og heime i det som skjer i gudstenesta. Kyrkjemøtet gir difor kyrkjelydane ferre val for korleis gudstenesta lokalt skal være, og liturgien blir meir lik i heile landet.*

### Dette skal gjerast på denne måten

Og slik vart det. Alle fire sokneråda hadde saka oppe på møte i haust, og arrangerte kvar sine soknemøte. På desse møta kom det ulike innspel som sokneråda igjen tok med i samtalan og vurderingane dei hadde i etterkant av soknemøta. Sokneråda hadde i alt 18 punkt dei skulle ta stilling til, som handla om korleis me har søndagsgudstenesta. Til slutt sende kvart sokneråd sitt vedtak om justert liturgi til biskopen, tenesteveg.

### Slik vart det

Kva sende kyrkjelydane inn? Prosesen enda med at alle fire sokna sende samordna melding om endringane og får no lik liturgi for gudstenesta søndag kl. 11:00, den som vert kalla hovedgudstenesta eller høgmissa. Det blir slik at alle sokna gir litt og får eit nytt element i gudstenesta. Det nye elementet for alle er at samlingsbøna blir sangbar, og kan delast i to eller tre deler. Denne bøna har vore eit av alternativa sidan sist liturgi revisjon. Orda om syndsvedkjenning og tilgjeving høyrer med i bøna, og nattverd søndag kl. 11 blir normalen.

### Heensåsen

Det skal også nemnast at mange, særleg på Heensåsen, er blitt glade i melodiane og i at gudstenesta der har vore litt annleis enn den i dei andre sokna. Desse melodiane vart ikkje med vidare i forslaget frå Kyrkjemøtet om meir einsretting, soknerådet vurderte denne delen av saka ekstra nøye, også fordi soknemøte på Heensåsen var klare på at dei gjerne ville halde fram med «sin»

liturgi, og landa på at samordning med dei andre sokna var viktigare.

### Soknepresten

Mange har nok lyst å spørje om det ikkje er soknepresten som står bak alt dette. Det er faktisk Kyrkjemøtet som står bak det heile, men sidan det er soknepresten som skriv, vil ho gjerne fortelje at ho som medlem av alle sokneråd og fagperson saman med organist spesielt, men også med klokkarane, sjølvsagt har hatt ei sentral rolle i arbeidet med å koordinere og føreslå løysingar for sokneråda.

### Nytt program

Mange som går i kyrkja har i lengre tid ønska seg nye program. Dei har vore både fillete og upresise, særleg no på slutten. No er nye laga og desse vart introduserte 1. søndag i advent, med justert liturgi og utforming.

Endeleg!

Ingebjørg Vik Laugaland

## Min julesalme

Salmen er opprinnelig en katolsk hymne til jomfru Maria. Den ble publisert første gang i 1582. På tysk heter salmen *Es ist ein Ros entsprungen*. De tre første strofene ble oversatt til nynorsk av Peter Hognestad. Vi finner salmen på nynorsk i Norsk Salmebok (NoS) som nummer 33 med tre strofer. Den siteres ofte på norsk bare med disse tre strofene. De to første er originale. Den siste strofen er lagt til senere.

Det fortelles at en munk fra Trier i Sør-Tyskland fant en blomstrende rose i skogen på selveste julaften. Han ble så fascinert over dette underet at han tok rosen med seg til kirken og plasserte den i en vase på alteret foran jomfru Maria.

Rosen som spiret og blomstret vintertid, var trolig en julerose. Den vokser vilt både her og sørover i Alpene. Men den er egentlig ikke noen rose. Den er en blomst av soleiefamilien. Og julerosen dyrkes også i norske hager. Den



blomster fra desember til mars, men sesongen kan variere noe fra år til år. Julerosen vokser fra roten. Men det spesielle er at den blomstrer ved midnatt. Arnulf Øverland har beskrevet dette botaniske underet i diktet *En rose er utsprunget*. Blomsten han skriver om, er kjærlighetens rose. Kjærligheten er sterkere enn døden. Det er denne kraft og varme menneskene trenger i en kald og hjerteløs verden. I diktet er det vinter, snø og natt. Voksterbetingelsene er ikke akkurat de aller beste.

Roten til julerosen *Helleborus niger* er egentlig svart. Den ble benyttet som le-

gemiddel allerede i antikken. Men hele planten, og spesielt roten, er meget giftig. Det forhindrer likevel ikke at roten har vært benyttet til mange formål, alt fra brekkmiddel til kurering av sinnsykdom. Det er knyttet en legende til denne planten. Den skal opprinnelig ha vært svart. Men ved Jesus fødsel ble planten ved et mirakel forvandlet fra sort til hvit.

Julen kommer med lys midt i en mørk tid. At livet bryter igjennom mørke og død, er i seg selv et under.

Jovita Budvytiene

### Det hev ei rose sprunge

Det hev ei rose sprunge  
ut av ei rot så grann.  
Som fedrane hev sunge:  
Av Isais rot ho rann,  
og var ein blome blid  
midt i den kalde vinter  
ved mørke midnattstid.

Om denne rosa eine  
er sagt Jesajas ord.  
Maria møy, den reine,  
bar rosa til vår jord.  
Og Herrens miskunnsomt  
det store under gjorde  
som var i spådom sagt.

Guds rose ljuvleg angar  
og skin i jordlivs natt.  
Når hennar ljøs oss fangar,  
ho vert vår beste skatt.  
Me syng i englelag:  
No er det fødd ein Frelsar,  
og natti vart til dag.

## Takk til Ingebjørg, Ragnhild og Guro!

Menighetsbladet blir i stor grad drevet ved frivillig innsats. Og bærebjelkene i redaksjonskomitéen, Ingebjørg Wigdel og Ragnhild Hovda, har lagt ned et stort arbeid for menighetsbladet i årevis.

Ingebjørg har vært medlem av redaksjonen siden 1998 og redaktør fra 2003, og Ragnhild har vært redaksjonsmedlem siden 1984.

Guro Hovda har hatt arbeid for me-

nighetsbladet som en del av jobben sin så lenge hun har vært daglig leder i Kirkelig fellesråd, altså mer enn 20 år. Nå vil alle tre gi seg og overlate stafettpinnen til andre.

Under en lunsj på Tyinkrysset fjellstue nylig ble de avtroppende medlemmene behørig takket for innsatsen de har gjort i alle disse årene, med tale ved Ingebjørg prest og gaveoverrekkelse. Det står svært



stor respekt av både engasjementet og kvaliteten på arbeidet, så det blir store sko å fylle for oss som skal jobbe videre.

Tusen takk for innsatsen i alle disse årene!

Sidsel O. Jevne

## *Hausttakkefest med barnedåp i Vang kyrkje*

Den 11. oktober var Vang kyrkje fullsett – i koronarekning. Her var det eit stort dåpsfølgje, spente 4- og 6-åringar med foreldre og besteforeldre og nokre fleire av oss. Kyrkja var fint pynta til hausttakkefesten. I våpenhuset sto fruktballane klare til ungane. Så det vart ein stor prosesjon som innleia gudstenesta – ungane som skulle få bøker, dåpsbarnet med foreldre og sjølvsgagt Ingebjørg prest.

Salmane denne dagen var kjente, gode og passa godt for heile familien. Filip vart boren til dåpen, og teke inn i kyrkjelyden i Vang og i den verdsvide kyrkja. Han hadde med storfamilien sin, til og med fleire oldemødrer er denne vesle guten så heldig å ha!

4- og 6-åringane fekk bøkene sine og satt stille framme ved alterringen da Ingebjørg heldt preike. Tekstane denne dagen var frå 5. Mosebok 26 og Lukas 12. Ingebjørg delte eit eple i 10 bitar, og minna både ungar og vaksne om at når Gud vil dele med oss må vi og dele med kvarandre.

Det var bønnevandring og nattverd i gudstenesta. Vi kunne gå fram til alterringen og ta i mot nattverden, bli mint om dåpen med vatnet i døypefonten og tenne lys i lysgloba eller sitte stille i kyrkjebenken og høyre på orgelmusikken.

Gudstenesta vart avslutta med salmen «Måne og sol» og velsigninga før prosesjonen leia oss ut i den fine haustdagen.

Kristin Bakke Lajord



Foto: Anne Lajord Belsheim



Foto: Chatrine Leine Nøkleby



Foto: Chatrine Leine Nøkleby



### *Døde i Vang det siste året*

(oktober 2019 - september 2020)



**Olga Rogn Tveit**, 82 år, gjekk bort siste året, men namnet hennar vart ikkje med i oversikta i førre menighetsblad. Kyrkjekontoret beklagar dette.

#### **Fotografar i forrige utgåve:**

I utgåve 3–2020 var framsidebiletet av altertavla i Vang kyrkje teke av Guro Hovda. Magnor Wigdel tok bileta av kloppar til Fugleberg, altertavla av Ola Sparstad og Strandstigen langs Vangsmjøsa.

**Framsidediletet** i denne utgåva er teke av lysdesignar Ingrid Wigdel. Biletet viser lyssetjinga i Øye stavkyrkje under innspeling av påskegudstenestene i vår. Lampene vart utlånt av Vidar Wangensteen og vi takkar for lånet.

## Joleminner

### Jol

Arbeid føre jol Føre jol var det skarke. Då skulle maten vera skrinne enn elles i året. Det var mykje å gjera på garden vår føre jol. Det skulle slaktast, lagast kurv og annan mat, som vart hermetisert . Me borna hjelpte til med alt dette arbeidet. Det vart baka bakils i fleire dagar: Goro, fattigmann, sirupsnippar, tebrød, rosettbaksils ...

Rakfisk og lefse var jolemat som mor laga. Ho laga og sylteflesk og rull. Turr-fisk til lutefisken vart lagd i bløyt i Sø-vella. Far koka opp briskjeløg og older i gamlestøga (bryggerhuset) og brygga øl på det. Heimebryggja øl var vanleg på gardane i gamle dagar. Joletreet fann me oppe i skogen. Joleband til småfuglane hadde me liggjande på låva. Det var kjekt både få og å gje jolegaver. Me fekk nokre kroner til å kjøpe for, og gjekk på butikken og kjøpte gaver. Det var tre butikkar i bygda: Søvelheim, Samvirke-laget og Fagerlid.

### Jolehelg

Joleeftan sette far opp jolebandet på låvebrua attmed låvedøra. Då me var små bada me i ei balje som vart sett framfor ovnen i stova. Den vart fylt med varmt vatn, og så steig den eine etter den andre av oss opp i balja. Det hende at me fekk nye klæo og sokkar, som bestemor hadde strikka, til jol. Nye ullsokkar, som var tøvde, stakk i lår og legger, og

det lika eg ikkje noko serleg!

Det var god lukt av joletreet, som far sette opp framfor roskåpet i stova.

Joletreet vart pynta med jolekorger, som me hadde laga på skulen. Fine glaskuler, fuglar, glitterband og flagg vart hengde på joletreet.

Jolekvelden fekk me sagovelling og lute-fisk til middag. Far tende på levande ljøs på joletreet, og me gjekk rundt treet. Me song «Du grøne glitrande tre» og mange andre songar, som me hadde lært i skulen. Under joletreet låg det pakker. Bøker var det kjekkaste me fekk i jolegave. Onkel Anders, bror til far, som var lærar i Oslo, ga oss bøker til jol. Me fekk og fine biletbøker og fargestifter. «Malermester Klattklatt» var ein av dei eg minnest som ei fin teiknebok. «Vangsgutane» var ein fin teikneserie, som me lika å lesa. «Bondens jul», «Jul på landet best» og ymse andre jolehefte hadde me og.

Joledagen gjekk me til kyrkje. Der sto det eit fint joletre, med levande ljøs. Me var i joleselskap hjå slektningane våre på Kattevøl, og me hadde joleselskap oppå støgun hos oss. Då fann dei vaksne på morosame joleleikar. Me gjekk jolebukk rundt i bygda i lag med andre born. Ja, vaksne kunne og vera med. Andre dag jol var det jolefest på forsamlingshuset Torsheim for born og vaksne. Det var servering i veslesalen av kakao, smørbrød og jolekake. Alle gjekk rundt joletreet. Det vart fleire ringar



rundt joletreet – vaksne og born gjekk då hand i hand. Jolenissen delte ut gaver til alle borna. Det var stor stas når nissen – Hans Hansen - sprang etter oss rundt joletreet.

Då far var smågut let dei maten stå på bordet jolenatta, og dørene var ulæste. Det var for at Jolesveinane kunne koma inn i stova og få seg mat. Jolesveinane var dei underjordiske, som ingen kunne sjå. Jola var den kjekkaste tida me hadde i året. Den gjekk så altfort, syntes me. Snart tok kvardagane til att, med lekselesing og arbeid.

Sverre Thune

## Konsert med Kurve

Mandag 26. oktober var vi invitert til «Koronakonsert» med koret «Kurve». Konserten var på Åsvang Samfunns-hus. Da det var begrenset antall personer som kunne komme, hadde vi bestilt billetter på forhånd. I salen var stolene plassert med god avstand og med navn på hver stol. Vi følte oss veldig velkommen!

«Kurve» består av 16 meget dyktige sangere. Koret serverte oss tolv sanger. «Kurve» er et kor der sangerne bytter plass, flytter på seg. Det virker som om alle kan synge solo, og det gjør konserten svært variert. Både solistene og de øvrige sangerne finner sine ståsteder, og de er ikke redde for å gi sangene en



ny vri.

Som publikum var det en fornøyelse å være tilstede og lytte til korets fantasi og håndtering av sangene.

Publikum gav koret en stor applaus, så stor at koret serverte oss en utrolig

vakker «Hallelujah», med en enda lengre applaus!

Tusen takk for en fin kveld.

Ingebjørg Wigdel

## Julehelsing frå ordføraren

Avlyst, utsett, stengt, tiltak, heimekontor, vask henda, ein meter – ja, alle desse orda er brukt i rikt monn dette året. Eit heilt spesielt og merkeleg år som det er vanskeleg å setje ord på. Men eit ord trur eg gjeld for oss alle. Slitasje. Me blir slitne av å høyre om koronapandemien, me blir slitne av ikkje å kunne bevege oss fritt, ha sosialt samvær og måtte ta forholdsreglar kor me står og går.

Så er det berre heilsvart då og me kan grave oss ned? Nei, langt ifrå. Det er håp. Det er alltid eit håp. Og kanskje største håpet no er at ein får på plass ei vaksine som kan setje ein stoppar for covid-19. Det må vere vårt største ynskje inn i det nye året. Eg vil også få nytte høve til å takke alle som har stått på og lagt ned ein einestående innsats til beste for oss alle i denne vanskelege tida. Ingen nemnt, ingen gløymt. Takk!

Trass all snakk i media og mellom oss som bur i Vang om korona, har det faktisk skjedd mykje i Vang i 2020, mykje å glede seg over. På samferdselsområdet har me fått opna E16 Øye-Eidsbru og fått sett i gang utbygging av ny veg frå Synshagen til Øylo. Dette gjev ringverknader som er sær positive for Vang. Arbeiderane nyttar seg av serveringsstader og butikkar, nokre lokale får arbeid, kontorlokale blir leigd ut mv. Landbruket har hatt ein ganske

normal vekstsesong, fleire unge bønder satsar og moro då at Randi Ødegården nådde opp på pallplass i årets «Unge bonde»-kåring. Denne tida har vist kor viktig det er at me har eit oppegåande landbruk som kan levere trygg og sikker mat til oss forbrukarar.

Det frivillige Vang held hjula i gang etter beste evne. Frivilligsentralen og biblioteket er navet, men det er mykje positivt som skjer i alle deler av kommunen. På Filefjell har det etter initiativ frå deltidsinnbyggjarar vorte starta nytt idrettslag, Makkenparken på Mjøsvang har vorte realisert etter ein enorm dugnadsinnsats, i Vangshallen er det full aktivitet til kvar kveld På Åsvang er det yoga, korps, sangkor, 4H, teaterframсыningar og mykje anna og i Høre-Ryfoss området er det som vanleg kreative folk som dreg i gang den eine aktiviteten etter den andre, med mellom anna mannskor song, pilates, karate og gåturar som faste innslag. Utan dykk frivillige som skapar møteplassar og aktivitet, hadde Vang vore mykje fattigare.

Og det skjer sjølv sagt mykje meir enn det som det her er plass til å skrive om. Må også få lov til vere så lite beskjeden og trekke fram underteikna og Arne Belsheim, som fekk delta med ablegøyer på oktoberfest i regi av Fjellblom Musikklag. Moro å kunne bidra på eit så flott arrangement. Kyrkja har også

vore flink til å tilpasse sitt virke etter dei gjeldande koronareglane.

Jule- og nyttårsfeiringa er for mange det store høgdepunktet i året. Det blir kanskje ei litt anna type feiring i år, med tid til ettertanke og fokus på dei verkeleg verdifulle verdiane i livet. Nokre har mista ein av sine kjære i løpet av året, me tenkjer spesielt på dei i julehøgtida. Det er også synd ein ikkje får gjennomført så mange arrangement som vanleg, blant anna måtte me avlyse romjultreffet for dei mellom 19 og 30 år. Men la oss bruke juletida til å leggje planer og drøyme oss inn i 2021. Ikkje sikkert alle våre planer kan gjennomførast i høve til korona og anna, men det er uansett viktig å ha noko å sjå fram til. Det gjeld både i nær framtid, til sommaren og i åra frametter.

Hald fram med å bruke og støtte lokale bedrifter og produsentar. Koronatida har vist at me er avhengig av å ha butikkar og råvareleverandørar så nærme som mogleg. Innovangsjon har sett i gang mange gode kampanjar og det er viktig når dei saman med frivilligsentralen set fokus på: «Kva vil me med Vang?»

Så vil eg på vegne av Vang kommune ynskje dykk alle, innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og gjester elles; ei retteleg god jul og eit godt nytt år!

Vidar Eltun  
Ordførar



### Jul i kyrkjene i Vang

Påmelding 24. og 25. desember til tlf: 486 24 468

13. desember :

Vang kyrkje kl. 19.00

Lysmesse med konfirmantane ved sokneprest Laugaland og organist Budvytis.

17. desember :

Vang kyrkje kl. 19.00

Vi syng og spelar jula inn! Vangskoret deltek.

21. desember:

Vangshallen kl. 19.00

Vi syng og spelar jula inn! Vangskoret og Fjellblom musikklag deltek.

24. desember

**Julaftan:**

Øye kyrkje kl. 12.00  
Gudsteneste

Høre stavkyrkje

kl. 14.00  
Gudsteneste

Heensåsen kyrkje

kl. 16.00  
Gudsteneste

25. desember – 1. juledag

Vang kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Laugaland og organist Budvytis.

27. desember

Vang kyrkje kl. 18.00

Konsert med Veronika Kashina og vener

31. desember – Nyttårsaftan

Vang kyrkje kl. 17.00

Gudsteneste ved sokneprest Laugaland og organist Budvytis.

## Nytt piano til Kulturskulen

Vang kommune ved Vang kulturskule har no kjøpt eit nytt piano. Kommunen har hatt fleire piano i Vang, men aldri eit som har vore veldig godt. Det er det no slutt på. Onsdag 4. november kom firmaet Hellstrøm flygel & piano med piano til Vang, og dette er eit Bechstein piano med ny pris på rundt kr 240 000,- Dette er eit fint brukt piano, som vi fekk for under halvparten av ny pris. Vang kulturskule vil disponere pianoet, og det vil bli ståande på rommet Edvard Grieg i kulturskulen sin avdeling. Her vil det vere til bruk for komande musikantar i Vang kommune, og det vil nok røre ved spegleda til unge pianoelevar i bygda vår.

Det er meininga at pianoet skal trillast ned til Vangshallen og foaje ved store tilstellingar som 17. mai og konserter i til dømes kulturskulen. I denne

samanheng er det verdt å merke seg at pianoet har eit innebygd avansert klimaanlegg, og på grunn av dette så kan flytting av pianoet berre gjerast av kyndig personell. Prosessen fram til å velje dette pianoet var grundig, og rektor i kulturskulen og pianolærer Siri-Gro Solemsli hadde mellom anna hjelp av tidlegare elev, Margrete Daae Mæland, som var inne og prøvespelte fleire piano hjå Hellstrøm flygel & piano i Oslo. Lukke til med pianospeling i Vang kommune.

Storm Buajore Tørstad var fyrste elev på kulturskulen som spelte på pianoet, her saman med lærar på piano i Vang kulturskule, Siri-Gro Solemsli.

Tekst/foto:  
Oddbjørn Skeie

Trond Hellstrøm syner fram klimaanlegget.



## Tilbakeblikk

**I 1990 hadde 6. klassingane sendt stoff til julenummeret. Epistlane deira er gjengjeve her. Ikkje mykje har endra seg.**

### Te for Sri Lanka

I haust fekk me i 6.klasse ved VBU ei frivillig oppgåve: å selja te til inntekt for fattige ungar på Sri Lanka. Me fekk 10 posar kvar. Ein pose kosta 25 kr. Folk var flinke til å kjøpa, og me fekk selt alle. Det var til saman over 1000 kroner!

Magne, 12 år

### Krig

Kvifor krigar menneska mot kvarandre? Kvifor kan ikkje menneska leva i fred med kvarandre? Menneske som har mykje makt og pengar «spelar» med andre menneske sine liv, for at dei vil ha endå meir makt. Kvifor?

Kvifor er dei vaksne så dumme? Tenk om barna var like dumme, tenk om deis at i sandkassa og leikte med atombomber, slik dei vaksne gjer.

Tenk om menneska held fram med å krige, korleis vil verda bli sjåande ut då?

Eg synest dei vaksne bør tenkje meir på verda og dei som skal vekse opp her.

Marita, 12 år

### Dei fattige barna

Det var ved juletider. Barna i regnbogedalen gledde seg til jul. Dei skulle få gaver og mykje jule-godt. Men rett nedanfor dei budde nokre fattige menneske. Dei hadde korkje råd til gaver eller mat.

Regnbogebarna diskuterte barna i det fattige huset. Kva skulle dei gjera med borna til jul? Eli, som var den minste av borna, sa: «E vil ikkje besøke dei, for dei har lus, og vil ikkje ha lus!» Men Eli då», sa Marte, som var den største jenta, «Du kan ikkje nekte å gå til dei sjølv om dei har lus. Du skal vera snill med dei.» «Javel, då», sa Eli.

Men på julekvelden, då borna i regnbogedalen gjekk til dei fattige barna, var Eli den som var gladast. «Eg kjenner meg glad når eg kan gjera andre glad», sa ho.

Kristin, 12 år

### Forureining

Eg tykkjer det er rart at det som har

utvikla seg på 20 millionar år, øydelegg menneska på 20 år. Ein høyrer stadig om oljetankarar som går på grunn eller går lekk og om eit par tonn olje som renn ut i havet. Og det kallar myndigheitene «ubetydelig utslepp». Men miljøutgifta på bensin er noko tull! For oss i utkantstrok, som må bruke bilen mykje, blir ofte veldig dyrt, og samstundes seier politikarane «Køyr kollektivt!». Men kva for kollektive tilbud har vi her oppe utanom bussane som køyrer her 5 gonger om dagen?

Eg berre spør!

Frode, 12 år

### Jul

Eg gleder meg til jul, til gaver, kaker, skulefri og gode middagar. Mamma jobber mykje før jul, og eg hjelper til. Vi pyntar treet den 24. om morgonen og det er morosamt. Om kvelden reiser vi fyrst på kyrkjegarden og legg på kransar på grava til bestemor, bestefar eit lite barn, ei tante og ein tremenning. Og då hender det at eg møter Kristin! Når vi kjem heim, et vi middag, og etterpå vaskar vi opp, og så opnar vi pakker.

Rita, 12 år



## Smart Oppvekst i Fredheim barnehage

I Fredheim barnehage så jobbar vi aktivt med Smart Oppvekst. Dette tanke settet har vore med å betre tankegangen vår, og gjort han meir positiv. Vi har eit større blikk på det som er positivt, og er flinke til å gje gode tilbakemeldingar, til både kollegaer og barna.

På avdelinga der eg jobbar, så har vi take i bruk noko som heiter «vekas fokusbarn» og «vekas fokusvaksen». Då skal vi andre sjå etter gode ting som det barnet og den vaksne gjer, skrive det ned og henge det opp. Så blir det laga eit diplom som dei får med seg heimatt. Barna får også ekstra oppgåver i løpet av veka dei er fokusbarn, blant anna å ringje i ryddebjølla og å vere med å dekkje på. Vi passer på at alle får vore fokusbarn og vaksen i løpet av perioden vi jobbar med det.

Når vi er ute på tur, brukar vi dette tanke settet aktivt. Ein plass som vi besøker ofte, er Søvelbua. Der er det gode mog-

legheiter for å vere kreativ, nysgjerrig, samarbeide, og å halde ut. Det er mykje spennande ein kan gjere ute i naturen, blant anna å gå på elgjakt. Dette var ein tur som vi tok bort til bua, og då hadde ein kollega hengt opp mange elgar rundt, som barna fekk jakte på. Ein skikkeleg spennande tur.

Turane er også tilpassa alder, så vi treng ikkje å gå så langt for å ha det fint. Enkelte dagar er vi ute i barnehagens område, og då er det fint å kunne leike heilt for seg sjølv. Klatreparken ved kommunehuset brukar vi aktivt. Her er det fint å kunne lære seg å vente på tur, vere modig å klatre så høgt som mogleg, masse fin læring.

Smart Oppvekst er blitt ein del av kvardagen vår, der vi jobbar aktivt for at alle skal bli sett, høyrd og får ei positiv tankegang.

Tekst/foto:

Sondre Nystuen Berger



## Pilegrimsvandring 2021

Pilegrimsvandringen sommeren 2020 ble avlyst, grunnet korona-pandemien. Sjøl om pandemien på ingen måte er slutt, tar vi sikte på at det blir fellesvandring fra Hedalen stavkirke til St. Tomas-kyrkja på Filefjell, 25. juni – 3. juli 2021. Vil du bli med?

Opplev Valdres i sakte tempo, i både en indre og en ytre vandring. St. Tomas kyrkja var et viktig pilegrims-mål i middelalderen. Folk opplevde at der var det en undergjørende kraft, som kunne gi dem helsa tilbake!

Keltisk åndstradisjon med helliggjoring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og levde videre her. På vandringen bruker vi keltiske salmer og bønner. Som alle tidligere år vil vi ha stille vandring, med god tid til samtale i pauser og naturligvis der vi overnatter, Soknepresten i Øystre Slidre, Eli Vatn, vil være pilegrimspresten. Jahn Børe Jahnsen blir vandringsleder. Som medledere har han Anne

Marit Noraker, Anne Kjersti Frøyen og Berit Bang Thorsrud.

Flere opplysninger kan du få hos Jahn Børe, [jbjahnsen@gmail.com](mailto:jbjahnsen@gmail.com). Påmelding til turen kan du sende til Liv Barbro Veimodet, tlf. 41674669, eller e-post [lv564@kirken.no](mailto:lv564@kirken.no)

Gjennom de 15 årene som det har blitt arrangert fellesvandring, har flere hundre mennesker opplevd pilegrimsvandring gjennom Valdres som noe stort. Kommende sommer kan det bli din tur!

Tekst/foto: Hans Enger



## Kvamskleiva og tunnellstart av Torbjørn Moen, avisa Valdres

Dette er berre ein fantastisk dag, det er rørende. Dette har vi jobba for sidan i 2012 då aksjonsgruppa for tunnel gjennom Kvamskleiva vart stifta. Orda kjem frå Tone Lajord og Bjørg Olimb som leda an på jordet på Kvam måndag. Tone og Bjørg fekk æra av å ta det fyrste spadetaket med ein hærskare av tilsette frå Hæhre Entreprenør og Statens vegvesen bivåna det heile.

Koronaen hadde også ein finger med i spelet for denne seremonien, mellom anna ved at talet på deltakarar var så lite som mogleg. Ordførar Vidar Eltun var naturlegvis blant dei frammøtte. Han hadde med flagg og veiva kontrollert og smilte om kapp med sola som kom over åskamben. Frå alle hald fall det mange godord om oppstarten av anlegget. Skjønt det fyrste spadetaket, alt før helga var dei fyrste maskinane frå Hæhre Entreprenør på plass og på morgonen måndag var enda nye maskinar kome til. Dei hadde også rukke å laga ei provisorisk innpåkjøring og ein liten parkeringsplass på jordet på Kvam der maskinene enn så lenge var parkert for klargjering.

### Seremoni på jordet

Medan den høgst enkle og uhøgtid-

ge opningsseremonien gjekk føre seg, var skogmaskinene frå Valdres Skog i gang med å rydde skogen frå jordet og fram til der påhogget for den komande Kvamskleivtunnelen skal vera. Det er omkring 500 meter innover frå jordet framfor tunet på Kvam.

Idyllen i Kvamstunet kjem til å bli forstyrra ei god stund framover no, men om eit år års tid vil den nye veggen og tunnelen stå ferdig. Garden vil også få erstatta jorda som går med i samband med vegutbetringa. Det er laga ein plan for oppattdyrking av arealet som går med.

### Ein glad ordførar

Ordførar Vidar Eltun delte førebudde ord med dei frammøtte. Han var naturlegvis sær glad for at dei no kan starte opp med å byggje tunnel gjennom Kvamskleiva og ny veg i dagen i kvar ende.

– Dette er nok ein merkedag for Vang. Fram til oppstart har vore ei lang reise, men vi byrja å auge håp når Kvamskleiva kom med i Nasjonal Transportplan. Det var tilbake til i 2010. I framkant av siste valet kom det ein pott pengar til oppstart. Den skal Frp nok få æra for. Det har vore godt samarbeid med Statens vegvesen heile vegen. No

når det er klart for oppstart, håpar eg at anlegget får ei fin framdrift. Med eit så seriøst firma som Hæhre, som vi også kjenner godt til her i Vang frå Filefjell, er vi viss om at dette vil bli bra.

– Som ordførar og leiar av stamvegutvalet har eg jobba for E16 heile vegen. Då er det også hyggeleg å få nok ei gladmelding som kom på morgonen i dag om at Frp vil gå for at det blir løyvd 120 millionar til utbetring av problemstrekninga mellom Turtnes og Øye. Vi får berre håpe at det kan bli fleirtal for dette i Stortinget, sa Eltun.

### Eg gler meg

Dette er ein jobb for Hæhre, først og fremst, men også ein jobb for heile bygda. Det vil heilt klart drype på lokalsamfunnet på mange hald, sa Eltun som også takka aksjonsgruppa med Tone og Bjørg i spissen, for deira store engasjement.

Edvin Rye frå Fagernes er byggjeleiar for prosjektet frå Statens vegvesen. Han sa at det var ekstra moro å få jobbe med eit prosjekt som er så sterkt ynskt som dette. Oppstarten i dag er ein milepæl, no er vi i gang. Eg gler meg veldig til å arbeide med dette prosjektet, sa han.



Foto: Privat



Foto: Torbjørn Moen



Foto: Privat

### Jobba på Filefjellanlegget

Det er Jan Lima som er prosjektleiar for heile anlegget hjå Hæhre Entreprenør. Han er godt kjent i Valdres frå E16-prosjektet på Filefjell der han var prosjektleiar for tunneldrivinga. No får han ansvaret for både tunnel og bygging av veg i dagen i båe retningar for Kvamskleivtunnelen. Sjølve tunnelen er på 1,8 kilometer medan den totale vegstrekninga som skal byggjast ut er på 5,4 kilometer. Anlegget strekkjer seg frå Ala bru, rett i sørkanten av gamle Øylo Gjestgiveri fram til Synshagen der Vang Energiverk ligg. På Synshagen vil også Hæhre ha rigg. Det er også klart at dei har gjort avtale med eigarane av bygga på Neset om å bruke området til lagring av utstyr. Avisa Valdres er også kjent med at Hæhre har inngått leigeavtale med Mjøsvang Eigedom, foreløpig ut året, om å leige all tilgjengeleg overnattingskapasitet av dei, samstundes som folka på anlegget et sine måltid på kafeen.

### 30 tilsette fyrste tida

Jan Lima fortel at han etter at prosjektet på Filefjell var avslutta i 2016, mellom anna har arbeid med E6 i Hedmark og no sist kom han frå ein anlegg i Stryn. Vi i Hæhre Entreprenør vil takke Statens vegvesen for tilliten. Det er også triveleg at bygda tek så vel imot oss, sa han. Han fortel at fyrste tida vil gå med til å avdekke påhogget for tunnelen på Kvamssida. Påhogget vil koma omkring 500 meter i sørkant av jordet på Kvam. Fyrste tida vil omkring 20 maskinførarar ha sitt arbeid her og vi vil vera totalt 30 mann her. Ved påsketider vil vi auke opp og då vil vi koma opp i 120 tilsette. 80 personar vil til einkvar tid vera i arbeid medan 40 er heime på avspasering. Turnusen vi vil følgje er 14 dagar på arbeid og 14 dagar avspasering, fortel Lima.

### Vil det drype på lokalt næringsliv?

Det har vi ikkje oversikt over enno, men

i alle fall er det klart at det er tunnelfolka frå Hæhre som skal stå for tunneldrivinga, og om det måtte bli noko, vil det vera i samband med arbeidet som skjer i dagen, seier Jan Lima. Alle-reie var Valdres Skog hyra inn og i gang med å rydde skogen i området mellom Kvam og der påhogget vil koma. Det skal også lagast ein tilkomst til tunnel-påhogget frå oversida av jordet på Kvam for å forenkle tilkomsten.

### Koronaen kan påverke framdrifta

Korleis påverka koronapandemien anleggsdrifta?

Vi følgjer naturlegvis alt av retningslinjer som gjeld og tek alle forholdsreglar som er mogleg. Våre svenske arbeidarar er permitterte. Vi har tilsette som kjem frå mange kantar av landet og fylgjer situasjonen tett. Koronaen og utviklinga framover vil kunne få konsekvensar for korleis vi organiserer oss, sa Lima.

## Kodeklubb og Makerspace i Ryfoss

Skaperkraft Valdres jobber for en langsiktig satsing på teknologisk kompetanse slik at vi i framtiden skal ha et næringsliv med flere ben å stå på.

### Jokerspace er første åpne makerspace i Valdres

Vi ser det gir fantastiske muligheter når vi kan ha makerspace og kodeklubb på samme sted. Stor takk til Tom Kjetil Tørstad som har bygd stedet til oss.

### Skoler og offentlig sektor

Skaperkraft Valdres ønsker å stimulere til at barnehager og grunnskoler rustes godt til å ta tak i koding og digitale ferdigheter. Vi ønsker å hjelpe til for at kulturskoler, Valdres VGS, Valdres folkehøgskole, ungdomsarbeidere og bibliotekene er bevisst hvilken rolle de kan eller bør ta i en satsing på teknologisk kompetanse.

### Se og gripe en ny type muligheter

Skaperkraft Valdres tror det trengs folkeopplysning: Det er lett å se at oldefar har opplevd stor teknologisk utvikling. Det er ikke så lett å forstå at vi selv kommer til å oppleve en tredobbel så stor utvikling. Skaperkraft Valdres jobber for at vi i Valdres skal forholde oss ak-

tivt til den teknologiske utviklinga og mulighetene som dukker opp.

### Kodeklubben

Kodeklubb er for barn og unge – og trenger noen voksne som kan hjelpe til. Det er kodeklubb på tirsdager i odde-tallsuker og på torsdager i partallsuker i skoleåret. På motsatte tirsdager og torsdager er det makerkvelder.

Makerspacet er for voksne og unge – og barn i følge med voksne. Makerspacet kommer etter hvert til å være åpent 24/7 for medlemmer med app til å åpne døra. Fra september 2020 blir det makerkvelder torsdager i odde-tallsuker og tirsdager i partallsuker.

Jokerspace er nå allsidig utstyrt med for arbeid med 3D-printer, laserkutter/-graveringsmaskin, vinylkutter og stoffpresse, og en relativt stor CNC-fres, samt noe utstyr for arbeid med elektronikk, tre og metall.

Gudbrand Silvet Heiene er daglig leder i Skaperkraft Valdres og Béatrice Bieuville er initiativleder for makerspace og koding i skolene.

### Har du spørsmål eller innspill?

Ta gjerne kontakt med oss.



E-post: [post@skaperkraftvaldres.no](mailto:post@skaperkraftvaldres.no)

Mob: 41 33 54 96

E-post: [beatrice@skaperkraftvaldres.no](mailto:beatrice@skaperkraftvaldres.no)

Mob: 966 34 920



## Kyrkjetenaren

Både bestefar og far var kyrkjetenar i Heensåsen kyrkje.

Bestefar min, Knut Heensåsen, var kyrkjetenar frå 1931 til 1950. På bildet står han saman med prest Mikael Gladhaug på trappa utanfor kyrkja ein vinterdag, truleg på 30-talet. Gladhaug var prest i Vang frå 1931 til 1946, så desse to var nok godt kjende. Far, Amund Heensåsen, tok over som kyrkjetenar etter far sin i 1950, og bror min og eg var ofte med han i arbeidet når vi vart så store. I «gamle dagar» var det ein omfattande jobb å vera kyrkjetenar, spesielt om vinteren. Det skulle mokast veg opp til kyrkja, og det skulle fyrast, ofte i mange timar før messa, for å få ein passeleg lunk i den store, gjennomkalde bygningen. Eg hugsar godt at eg var med far og bar ved frå kyrkjestallen og opp i kyrkja der den høge, runde ovnen stod og dura med full fyr. I kyrkjestallen kunne det også vera godbitar å finne for ein smågut som samla på sportsbilder. Kransar og blomar var pakka inn i avisopar, og dette vart ofte lagt att i stallen. Dersom det var Aftenposten eller ei anna Oslo-avis som var brukt, kunne det vera flotte bilder å få tak i.

Før vegen opp til kyrkja vart bygd og det vart mogeleg å brøyte med traktor, moka far «stigen» frå bilvegen og inn til kyrkjedøra for hand. Om jobben var gjort dagen før noko skulle skje i kyrkja, var det berre å gå på att neste morgon dersom det hadde snøga eller blåse i løpet av natta, og det hende nok rett som det var.

Det var ei stor lette då det vart installert elektrisk oppvarming i 1963. Då var det å gå bort i kyrkja kvelden før og seta på varmen slik at det var ein god lunk når folk kom til kyrkje. Då det vart veg i 1976, tok traktoren over brøytinga. Då vart handmokinga avgrensa til området innafor kyrkjeporten.

Ei viktig oppgåve for kyrkjetenaren er klokking når det går føre seg noko i kyrkja. Det skal også ringast ein time ved høgtidene jul, nyttår, påske og pinse. Knut bror og eg var ofte med far og ringde, og fleire av ungane i grenda syntest også det var spanande å klatre

opp i tårnet og vera med og dra storklokka. Det låg nokre skiferheller etter taklegging oppe i tårnet, og på dei vart det notert navn og datoar av dei som var med og ringde. Desse hellene ligg nok der enno.

Hørselvern var det dårleg med på 60-talet. Helst var det å stappe øyro fulle med vatt og så dra lua godt over. Likevel kunne det ringe i øyro ei god stund etter at klokkene hadde stilna, så det var nok bra at det berre var fire gonger i året det var ringing ein time. Ein efta far var åleine i tårnet, ringde han heile timen utan stopp. Det var tungt å ringe åleine fordi du måtte styre vesleklokka mellom slaga til storklokka for å få rette sangen i klokkene. Eg veit at Knut Berge også greidde timen utan pause ein gong, med god teknikk var det mogeleg. Framleis er det manuell ringing i alle Vangskyrkjene, og det er noko spesielt å høyre klokkeklangen og vita at det er kyrkjetenaren som står i tårnet og svingar klokkene.

Far vart sjuk og slutta som kyrkjetenar hausten 1978. Knut H. Berge tok over frå nyttår 1979, og han heldt ut til han runda 80 år i 1994. Deretter var det ein periode utan fast tilsett kyrkjetenar til Jenny Antonsen fekk jobben i 1996 og hadde han i eitt år. Sigfred Hovda tok så til som kyrkjetenar i 1997 og heldt fram heilt til han som 85-åring (!) overlet stafettspinnen til sonen Tore i 2019.


Truleg var Torstein Heen den fyrste kyrkjetenaren frå 1902 til bestefar tok over i 1931. I dei 117 åra frå starten og fram til Sigfred slutta, har det altså vore berre seks kyrkjetenarar i Heensåsen kyrkje. Det må ein seia vitnar om uvanleg tru- faste medarbeidarar!

### Ola Heensåsen

1) Knut Heensåsen og Mikael Gladhaug, truleg 1930-talet. Foto: Ukjent

2) Amund Heensåsen på veg til kyrkja for å ringe inn jula 1976. Foto: Ola Heensåsen

3) Amund Heensåsen ringer inn jula juleftan 1976. Foto: Ola Heensåsen



## Juleandakt

Har du nokon gong sett lyset frå eit nyfødd lite menneske-barn? Sett lyset i augene og spedbarnets jamne hjerteslag? Har du kjent korleis ditt eige hjarte bankar av kjærleik og korleis det vesle barnet rører ved deg berre ved at det er til? Du har kanskje også opplevd korleis møtet med den vesle gir retning, for ein håpsveg inn mot framtida.

Det siste året har vore, og er prega av Covid-19. Mange har kjent på uro, ja også redsle og angst for dagen i dag, og for morgondagen. Alle lurar vi på korleis framtida vil bli.

Det har vore vanskeleg å halde avstand. Særleg krevjande har det vore for dei som har vore på sjukehus og ulike hel-seinstitusjonar, og deira nærstående. Det å ikkje kunne gå på besøk eller ta imot besøk gir ei kjensle av einsemd og sorg. Kvardagen med covid-19 viser oss kor samansett livet er. Vi har fått ei djup erfaring og må sanna at vår felles ståstad er at livet er sårbart

Eg tenkte på dette då det var kyrkjejubileum i Tingelstad gamle kyrkje, St Petri no i sommar. Der er det ein kopi av det gamle altarfrontalet, med Himmeldronninga. Maria med krone og barnet i hendene. Barnet stryk si mor varsamt på kinnet og seier på denne måten at Gud kom med nåde og kjærleik.

Frå Maria på altarfrontalet i St Petri, dirrer sangen om tru, mot og klårleik på Guds vilje om rett og rettferd. Når alle har same Skapar og opphav så har vi også eit medansvar for kvarandre, i det nære men også ute i verda.

## Presteliv på prærien

### O, jul med din glede

Eg hadde fått kallet til Good Hope Lutheran Church i Gifford Idaho, USA hausten 1997, og den første jula som prestefolk sto for døra. Det var mykje nytt: Lysmesse på julekvelden, med julespel der alle borna deltok. Søndagsskulen arrangerte, så eg kunne ta det med ro; eller det kom fram at det var ein ting eg kunne bidra med: *Barnet i krybba*.

Timothy var fødd 19. september det året, og passa perfekt til rolla. Fødselspermisjonar var oppskrytt og mor stilte på jobb, med levande baby; han skulle trass alt berre ligge fint i krybba. Me har jo alle lært å bruke det me har!

Det var nye tradisjonar og mykje å setje seg inn i, og då eit par år var gått tok eg mot til meg og ville lage norsk jul med mine tradisjonar, slik at borna også skulle lære det som ein del av oppvek-

sten sin. Intensjonane var dei beste, planlegginga like-så. Eg hadde skaffa lutefisk, skreve preikene i god tid, hadde nystrøkne dukar og juleklær til borna klar. Programmet var nøye tima, sidan det var denne Candle light service med julespelet og ein ny familie som kom, og som skulle opptre med eit musikk-stykke.

### Korleis det gjekk?

Vel, ikkje uventa var det kun eg som likte lutefisk. Ikkje 1-åringen, ikkje 3-åringen, og heller ikkje amerikaneren såg på dette som (jule)mat. Ein av ungane sølte raud saft over seg og klærne, så ringde det på døra: På julekvelden, ein time før



Alterfrontalen, St. Petri. Foto: Mårten Teigen/Kulturhistorisk museum.

Å følgje etter det lille barnet som vi feirer i jula, er å våge å gå inn i nye og ukjende landskap, ut fra evangeliets grensesprengande kraft til å åpne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske. Gud kjem til jorda vår som eit lite barn, og kanskje er det nettopp fordi Gud veit kva det er å være liten, at Gud også veit kva oppgjer med øydeleggande krefter er. Saman med menneske over heile jorda, høyrer vi, og lever vi, i juletonen som har ein klangbotn av eksistensiell einsemd. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølve.

Vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnets livgjevande og trøystefulle nærvær midt mellom oss. Kristi kjærleiks lys held oss fast, i sanning og håp for livet her og i alle æve. Saman med folk over heile verda syng vi difor om fred på jorda, om barnet som er fødd og lyset frå håpet som er gjeve oss. Velsigna julehøgtid til dykk alle!

Solveig Fiske - Hamar Biskop



Julespelet anno år 2000: Jesusbarnet har avansert til gjetar.

kyrkjetid. Julafta er ikkje den dagen du ikkje opnar døra. Så me opna og der sto familien som skulle opptre seinare på kvelden i gudstenesta. Heile familien på fem ville gjerne stikke innom og seie god jul. Og det gjorde dei!

Planar og program kunne eigentleg berre bli betre, og det vart det! Ein julekveld eg hugsar med glede den dag i dag.

Sincerely, pastor Laugaland

## Oppussing og gjenbruk eller kjøpe nytt?

Du står og ser på ein gamal stol eller noko. Møbelet har vore i huset så lenge du hugsar, du er lei heile greia og ynskjer deg noko som er nytt....fiint og kjekt å ha og bruke. Kanskje er stolen laus i limingar, har fått stygge riper og litt av den fine utskjæringa er slege av, eller trekket er fillut og stygt. Kven kjenner ikkje denne følelsen, behovet etter noko nytt.

Men, mange av oss har fine gamle ting vi set pris på og vernar om. Eg har sjølv slikt i huset, noko av det var beisa mørke brunt eller mest svart, men med fine utskjæringar, laga av slektningar. Eg har sete i time etter time og skrapa forsiktig, pussa og fått vekk den mørke beisen. Så var det å behandle slik at utskjæring og treverk av bjørk kom til sin rett.

Særleg ein av gutane her i Hemsing var intressert i trearbeid og laga nokre fine ting. Det var Endre, men han vart ikkje så gamal.

Kor mange heimar her i Vang er det som ikkje har møbel/ting gjort på snikkarskula hjå Eivind Bakken. Eivind har laga dei fine stolane med utskjæring som står i kyrkja på Heensåsen. Eller hjå Peder Hermundstad, i sløydtime på framhaldsskulen og VBU. I denne samanheng bør og nevnt at det var ein sær flink snikkar og treskjærar på bruket Sørre Bergli bortved Ryfoss, Christoffer Kvien. Han hadde mange utmerkelsar for sin treskurd.

I 1972 kom den nye tidsrekninga på skulesektoren her i Vang. Tida med Framhaldskule ved Thorpe vart erstatta med 9-årig skule på VBU. Nytilsett rektor var Magnor Wigdel.

Magnor er oppvaksen på industristaden Jørpeland. Var der til realskulen var unnagjort, så vart det gymnas på Bryne og deretter universitetstudiar i Bergen, matte, fysikk og meteorologi.

Men det vart meir enn berre studiar i Bergen. Der fanst det ei jente som heitte Ingebjørg ... sikkert mange i Bergen med navnet Ingebjørg, men denne «eine» var det at Magnor fekk auge på. Vi seier ikkje meir om det ...



Magnor fekk seg jobb i statsrealskulen/gymnaset i Øystese. Han og Ingebjørg trivdes godt der, fekk seg tomt og tenkte bygge. Men etter 5 år vart det endringar, realskuledelen skulle ut med fare for nedbemanning. Dermed vart det å fløta til rektorstilling i Røldal. Men etter eit år kom varsel om reduksjon der og. Dette var i 1972 og augo til Magnor landa på ei utlysing av rektorstilling ved VBU. Dei fann ut korleis dei kom seg til Vang, såg på jobben og tenkte: Ja, ja, ei periode kan vi vel vera her og. Men, det gjekk ikkje så lenge før folk kom og ville ha dei med i lag og foreningsarbeid i bygda vår. Perioden her i Vang for Ingebjørg og Magnor er ikkje heilt over enno, etter det eg har oppfatta.

I starten budde dei i huset som lensmann Hunnes bygde, like ved telefoncentralen. Det var noko vedlikehald og Magnor likte å pusle med slikt sjølv. I tillegg likte han å få gamle slitte møbel



til å sjå fine ut. Det vart og ofte både betre og billigare enn å kjøpe nytt, i tillegg gleda ved arbeidet og det å sleppe kaste noko som kunne bli like bra att. Husbygging vart det ogso, med ein del eigeninnsats på innreiing samt møbelrestauring til eige bruk. Det vart hage med grønnsaker, tomat, prydbusker og blomster... Magnor var sjølvsgatt med i Vang hagelag. Kurs i lefsebaking for karar kan eg og hugse eg les om i avisa Valdres. Magnor inrømmer at det vart mange kurs i lefsebaking på



skulekjøkkenet på VBU. Magnor seier han har mange her i Vang å takke for gode tips om lefsebaking. Alt dette var i den tida då vaksenopplæring var alle sin fritidsaktivitet.

Magnor seier han alltid har tenkt «det kan eg gjera, eg må berre få lært meg det fyrst.» Han har derfor ei stor samling bøker om korleis ein skal gjera ting, innanfor mange forskjellige felt.

Folk som kom innom i heimen til Ingebjørg og Magnor såg dei fine møblane, og fekk høyre historia om kor gale det hadde vore og korleis det var gjort. Etterkvart kom spørsmålet: Kan du hjelpe meg med denne stolen/ sofaen ...

Magnor byrja seie ja, men han vil ikkje ha noko tidspress på seg. Han vil ha glede av jobben og tid til å lesa seg opp når han møter ukjente problem. Magnor er glødande interessert, fortel og viser gjerne bilder frå elende kjem i hus til produktet er som nytt. Han seier lykka er å sjå at det han har gjort betyr noko for eigaren. Dette er for Magnor ein kjær hobby, men her finst ingen raske løysingar, om resultatet skal bli bra.

Han seier: Det står så mykje gamalt rundt omkring som ikkje ser ut som det er verdt noko, men tenk om desse tinga fekk koma fram i dagen, bli pussa og stelt så vi på ny fekk fram gløden og sjela.

Eg trur Magnor sin leveregel er: Har du noko du har lyst til å prøve ... så gjer det! I tillegg veit eg han ville bli glad om mange fleir ville sjå verdien og gleda ved «oppussing og gjenbruk».

Ivar Hemsing  
Foto: Privat



### Vi les Bibelen saman

Kvar (andre) 2. søndag i månaden inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med. Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje.

Til slutt ber vi Fadervår.

Samlinga varer ein snau time.  
Komande samlingar blir kl. 18.00:  
24. jan., 21. feb. og 14. mars.  
Velkomen!

*Redaksjonen  
takker hjertelig*

- for alle innbetalte bidrag til drift av Vang Menighetsblad. For å holde dagens fargerike standard på Menighetsbladet er vi avhengig av at flest mulig lesere er villige til å bidra økonomisk. Bladpenger er kr. 200,- Bankgiro vil følge påskeutgaven. Alt. bruk kontonummer: 2146.30.04444

**Riktig adresse:** Utenbygds abonnenter som har fått ny eller endret adresse må melde fra om det. Er det noen som ikke ønsker å motta Menighetsbladet, er det fint om du sender oss en e-post, så oppdaterer vi våre registre: vangmenighetsblad@gmail.com

**Takk for hjelpen!**

**FRIST**  
FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE  
**25. FEBRUAR**

## Trusoppplæring i koronaens år



Dette har vore eit heilt spesielt år, også for trusoppplæringa her i Vang. Me har fått gjennomført dei fleste planlagde aktivitetane, men sjølvstilt med nokre endringar.

Me hadde Babysang i Drengestøga i Januar og Februar, men så kom Koronaen og me måtte tenke nytt. I april byrja me med babysang i Vang kyrkje. Her vart det då «streaming», og alle med nett-tilgang kunne få det med seg der. Jovita hadde ansvar for opptak, Anne song og Artur spelte piano. På denne måten kunne «ungar i alle aldrar» få det med seg, men me sakna det å fysiske vera i saman. I haust har me starta opp att med babysang i Vang kyrkje, der me no møtast ansikt til ansikt, men med god avstand. Her er betre plass enn i Drengestøga, og alle er godt nøgde med å kunne møtast att.

Påskevandring for 7-åringar fekk me dessverre ikkje gjennomført, men alle fekk kvar si aktivitetsbok, der dei kunne lære om påskebodskapet på eige hand. Tårnagentar for 8-åringar vart eit alternativt opplegg, der ungane var på rebusløp rundt ved kyrkjene. Alle som deltok fekk premie i postkassa.

Minikonf er for 12-åringane. Dei fekk Bibel på «Lys vaken», og på Minikonf arbeider dei med denne. I vår hadde dei ein «streaming-ettermiddag», der dei fekk sett inn register i Biblane sine. Pinsevandring for 10-åringar vart gjennomført, sjølv med få deltakarar.

På Hausttakkefesten, rundt om i kyr-

kjene våre i oktober, er det utdeling av Barnebibel til 4-åringane og aktivitetsboka «Alle gode ting» til 6-åringane. I etterkant inviterer me 6-åringane til fire samlingar i Drengestøga, der me bl.a. arbeider med aktivitetsboka.

Ein «Krøllekveld» har me også hatt i saman med 2-åringane, i Vang kyrkje. Der er det bl.a. sauen «Krølle» me er på leit etter, og ungane får med seg boka om «Krølle» heim.

Fyrste helga i advent var det «Lys vaken» for 11-åringar. Me møttast utpå dagen laurdag til naturstig, grilling, gudsteneste-verkstad, m.m. Planen var også i år å overnatte i kyrkja, og avslutning med gudsteneste på sundag.

Neste års konfirmantkull er godt i gang med samlingar i Drengestøga, og deltaking både i gudstenester og trusoppplæringstiltak. Dei vil og få tilbod om lokal Hekta-leir her i Valdres. Fyrst i desember vart det «Førjulsmoro» ved Drengestøga, der 5-åringane er spesielt invitert.

Ved joletider blir 15- og 16-åringar invitert til Film- og Legokveld. Skulegudstenesta no føre Jol, vil bli fordelt på fleire dagar. Det er lagt opp til fem gudstenester, med ulike klassetrinn/kohortar, den 15., 16. og 17. desember. Joletreet i kyrkja blir pynta av 5. klasse saman med Ingebjørg.

Barnehagane i Høre og på Fredheim får tilbod om Jolevandring i kyrkja.

Anne, Guro og Ingebjørg



No tenner vi det første lys,  
åleine må det stå.  
Vi ventar på det vesle barn  
i krubba lagt på strå.

No tenner vi det andre lys,  
dei står der stilt og skin.  
Vi ventar på at Gud, vår Far,  
vil senda Sonen sin.

No tenner vi det tredje lys,  
det er eit heilagt tal.  
Vi ventar på at Kongen vår  
skal fødst i ein stall.

No tenner vi det fjerde lys  
og natta vert til dag.  
Vi ventar på ein Frelsarmann  
for alle folkeslag.

### ADVENT

Så tenner vi et lys i kveld,  
vi tenner det for glede  
Det står og skinner for seg selv  
og oss som er tilstede  
Så tenner vi et lys i kveld,  
vi tenner det for glede

Så tenner vi to lys i kveld,  
to lys for håp og glede  
De står og skinner for seg selv  
og oss som er tilstede  
Så tenner vi to lys i kveld,  
to lys for håp og glede

Så tenner vi tre lys i kveld,  
for lengsel, håp og glede  
De står og skinner for seg selv  
og oss som er tilstede  
Så tenner vi tre lys i kveld,  
for lengsel, håp og glede

Vi tenner fire lys i kveld  
og lar dem brenne ned  
For lengsel, glede, håp og fred,  
men mest allikevel for fred  
på denne lille jord,  
hvor menneskene bor

Inger Hagerup



# Oktobertfest med Fjellblom Musikklag

av Nils Rogn. Foto: Thor Østbye

Det meste var på plass for ein skikkeleg oktobertfest i Vang laurdagskvelden. Tyrolermusikk frå eit spelhungrig korps, svinsande servitørar med lokal kjøpølse og potetsappe med «sauerkraut» og øl – rett nok av det alkoholfrie slaget, og ikkje minst eit par lokale heltar i fri utfolding.

Likevel var det noko som mangla. Det tette sosiale og festlege fellesskapet med prat og vandring frå bord til bord var fråverande. Vangshallen er stor, og sjølv bortimot hundre framømte fylte lite opp. Avstanden mellom borda og innbyrdes ved borda, var i trygg korona-avstand. Servitørane gjekk rundt med munnbind, og berre eit blick og eit nikk til kjentfolk kjendest litt feil på ein fest. Sjølv i koronafrie Vang, var pandemien høgst tilstade.

## Fengande festmusikk

Men dermed vart det betre høve til å konsentrere seg om programmet. Her hadde arrangøren ein rikhaldig meny. Tradisjonell oktobertfestmusikk frå Sør-Tyrol opna kvelden leia av dirigent Dag Inge Bruflot. Han batt også programmet saman med informativ omtale av korpsnummera og det som elles måtte til av informasjon.

Fjellblom musikklag hadde ikkje hatt lang tid på øving av festprogrammet. Etter at koronaen slo til i mars, vart det bråstopp på øvingskveldane, og dei kom ikkje i gang att før no på seinhausten. Men det var ingen ting å seia på innsatsen. Det var det heller ikkje på dei to karane som etter kvart fekk ei sentral rolle, Arne Belsheim og Vidar Eltun.

## Festleg fyllerør

Arne kom spaserande inn med ei kanne merka med HB, og ein meterlang avstandskjepp. Han hadde omsider våga seg ut ein kveld for å kjenne på utelivet – utan kjerring. Vidar som var restaurantvert ved høvet, hadde etablert seg i Vang etter at restauranten hans i Innsbruck vart stengt. Ikkje lett det, som han sa, i konkurranse med dei fire dyktige damene Sara i Føsse, Hanne på Mjøsvang, Line på Kryssset og Solbjørg på Fondsbu.



På gebrokkent tysk-norsk vart det nokre forviklingar i menyval, men alt var av det lokalproduserte slaget. – Ko so æ belligast, då, lurte Arne på, men etter kvart som kanna hans vart tømt – i fellesskap med verten – gjekk valet i andre enden av skalaen. Påskrifta HB på kanna betydde forresten (H)antiBac, stort sett til utvortes bruk, som han presiserte.

Det vart svært så lystig for dei to herrane utover kvelden – innimellom korpsnummer – og forsamlinga fekk forlysta seg med kommentarar om mangt av lokale hendingar og folk. Også storpolitikken var dei innom, med kampen mellom ein «grabukk og ein stabukk borti Junaiten» som eit høgdepunkt. Men når rekninga kom på bordet, fann gjesten det for godt å fordufte, når verten måtte ut for å hente kortautomat.

## Avrunding med Aukrust

Med Jon Eggens hundreårsmarkering av Kjell Aukrusts fødsel – han las ein epistel om då Ludvik dukka opp i persongalleriet til Aukrust – og Reodors



ballade med korpset, vart kvelden avrunda.

## Takk for tiltaket

All ære til Fjellblom musikklag for tiltaket. Det er viktig at me ikkje blir heilt asosiale i desse tider. Mykje arbeid var lagt ned for å hindre korona-smitte. Alle måtte gje opp namn og telefonnummer, alt yttertøy vart med inn til sitjeplassen og all betaling føregjekk med Vipps. Fleire burde absolutt ha nytta høvet ved denne sjeldsynte konsertopplevinga no i Koronaens tid.

## Strikkekafeen på Haukåsen

I haust har vi hatt glede av å få feire 10-årsjubileum for strikkekafeen vår.

Det var i oktober 2010 vi fann ei orientering i postkassa om ulike aktivitetar som skulle vere på Haukåsen. Eitt av dei var «Kreativ verkstad/strikkekafe». Det var Sølvi som sende ut denne orienteringa, men etter kvart kom også husflidslaget inn i biletet.

Den fyrste samlinga var 26. oktober 2010. Tanken var då at samlingane skulle vere tysdagane annankvar veke, men allereie etter 2. samlinga, den 9. november, ser det ut som ynsket og behovet var at det skulle vere kvar veke. Eg kan ta med at den dagen (9. november) var desse der: Olaug Lien, Margit Hagen, Margit Høverstad, Ragnhild Hovda, Ingegjerd Havro, Iren Vengel Remmen, Åse Tverdal, Aslaug Gjevve og Sølvi Havro. 7 av desse har vore med heile tida! Samling nr. 3 var ei veke seinare, 16. november, og då var det heile 19 framømte. Opningstida skulle vere mellom kl. 12 og 16, men etter kvart kom ein del gjerne kl. 11.

**Sølvi er, og har vore eldsjela her!** Ho er eit menneske med stor kreativitet, og ho har ei positiv innstilling til det meste. Kvar gong kjem ho smilande og ynskjer oss velkomne, og vi har ei kjensle av at ho er glad for å sjå oss. Ho vil også stadig lære oss noko nytt!

Tru ikkje at dette går berre i strikking! Neidå! Det er mange ulike teknikkar innan handarbeid som blir dregne fram og prøvd ut! I adventstida gjekk det mykje i juledekorasjonar av ymse slag,

- stjerner, englar, julekular etc. Sølvi hadde til og med vore ein tur i Praha, der ho hadde fått tak i ein spesielt fin engel, som då vart mønster for fleire. Nemner og haking, pjonning, spinning, veving m.m.

Vi har også fått nokre oppdrag desse åra. Det fyrste trur eg var store pledd til incestofre i Oslo. Vidare gjekk det i klær til barneheimar i Uganda, og eg kan nemne mannfolksokkar til asylantar på mottaket. I fleire år har det no gått i produkt til nyfødde i Vang. I fyrstninga trur eg helst det var skjjerf, luer og sokkar. Dei siste åra har vi landa på babyteppe. Under normale forhold blir mødre/foreldre med ungar innbedne for å få overrekket dette, og husflidslaget ordnar i stand ei festleg tilstelning med litt underhaldning og god traktering. Elles er desse samlingane heilt uforspliktande, og ein treng ikkje vera så «flink», eller i det heile utføre så mykje arbeid, dersom ein ikkje vil.

**Det sosiale tel mykje!** Det går heller ikkje berre i handarbeid. I takt med strikkinga eller anna arbeid, dukkar det alltid opp ulike emne som blir drøfta. Her kan alle koma med sitt, smått eller stort, og meiningsutvekslingane kan vere interessante og lærerike! No for tida blir sjølvsagt koronaen nemnt, og vi må halde oss etter gjeldande retningslinjer. 2020 vart såleis eit spesielt år. 10. mars vart det stopp, men 23. juni bad Sølvi inn til ein såkalla avslutning før sommaren. 25. august tok vi til att mest som normalt, men må sjølvsagt halde oss etter smittevernreglane. Sølvi er flink til det og! Resten står då på oss,

om vi er like pliktoppfyllande!

**Frammøtet** varierer og har på det meste vore mellom 20 og 30 kvar gong. Nokre har gått bort desse åra, og nye er komne til. Ei tid kom det folk frå mottaket, og det kunne vere ein 10-12 stk. derifrå. Dette var nok eit lyspunkt i kvardagen for dei, og desse frå strikkekafeen som køyrde til og frå, gjorde ei god gjerning. Elles kan eg hugse at både Røn- og Heggenes strikkekafeer har vore innbedne hit, og vi var på gjensitt i Ø. Slidre. To gonger har vi vore bedne til mottaket på lunsj. Fyrste gongen var som takk for sokkestrikinga, og andre gongen var i takksemd for at dei fekk koma hit. Den 23. mai 2017 var helsesystemene frå Vang og V. Slidre her. Dei takka for hekla bamsar dei har fått og fortalde om arbeidet med barn som har psykiske problem. 30. mai same året var Sigfred her og kåserte om madam Anker.

Vi har elles hatt årlege haustturar. Fyrste året, i 2011, gjekk turen innabygds, til Iren Remmen på Sleipestølen. Vi køyrde då privatbilar, men i alle år etterpå er det Vidar Havro som har vore sjåføren med JVB-bussar.

I 2012 gjekk turen til Heidal med Nisse-loftet og Fantasihuset, 2013 til Lom med Steinsenteret, bakeriet mm, 2014 Bjerkebæk på Lillehammer. Sigrd Undset-heimen, 2015 Fjærland, «Bokbyen», 2016 Blåfargeverket, gruvene, 2017 Lærdal/Årdal. Lærdalsmarken, 2018 Kjerringtorget på Nesbyen, 2019 Bestemt tur til Grindaker Vev i Brandbu. Vart avlyst.





I same slengen vil eg nemne husflidsdagane i Kvam, der vi nok har delteke på dei fleste. Vi skulle då helst stille med handarbeid. Var det fint ver sat vi ute, og husflidslaget spanderte kaffe på oss.

Ja, folk trivst på strikkekafeen, ser det ut for, og har dei fyrst «fått smaken», eller har begynt å gå dit, kjem dei gjerne att. Kan nesten seia vi blir som ein syskjeflokk. Avstandane kan vera store for nokon. Frå ei tid tilbake kom det folk frå ytterkantane Øye og Slidrebygdene.

Somme parkerte bilen ved Haukåsen og gjekk ein tur i forkant, medan andre kunne gå til og frå der avstanden tilsa det! I denne samanhengen vil eg nemne Marit Hemsing. Ho gjekk tur/retur Hemsing-Haukåsen kvar gong til og med sitt 94. år. Eg slo følge med henne frå Brattli og opp, og vi hadde utruleg mange fine, positive samtalar!

Vi er gjerne benka kring langbord, og Sølvi serverer kaffe/te, og ho stiller anten med lappar, vaflar eller ulike kaker.

Til slutt har eg ein setning som eg vil presisere :

PÅ HAUKÅSEN ER DET ROMSLEG, LYST OG LUFTIG (mykje sol!!), og det er plass til fleire, (så lenge koronasmitten tillet det)!!

Når eg seier «mykje sol», tenkjer eg ikkje berre på sola på himmelen, men eg (vi) blir gjerne i godt humør av å vera her!

TUSEN TAKK FOR 10 FINE ÅR!!!

**Aslaug Gjevre**



## *Bindeledd og frivillighet i kirka*



Salmene er mitt bindeledd til Gud. Jeg er ikke sterk i teologisk fagspråk eller det å snakke om Gud og Jesus – da trekker jeg meg ofte litt tilbake. Jeg er livredd for å trække Gud eller Jesus på tærne,- eller noen andre for den saks skyld. Men salmene gjør at jeg blir utstyrt med et språk hvor jeg kan snakke med Gud – gjennom ord og gjennom musikk og noter. Det har i tider vært ganske avgjørende for meg for å holde på et bindeledd til min tro, i tider hvor jeg ikke har hatt tid til å tro.

«Deg å få skode» er min favorittsalme. De to siste setningene: «Ver du mi tru, den vona eg ber, Til eg får skode din herlegdom her». Det er mitt bindeledd.

Hva er ditt bindeledd til kirka? Er det juletefesten som er viktig? Er det graven hvor en du var glad i ligger? Er det menighetsbladet du leser? Er det der du jobber? Har familien din alltid hatt en tilhørighet til akkurat den kirka? Det å stelle en grav er å være en del av et

kirkelige fellesskap og samtidig et bindeledd til kirka.

En i Høre Sokn sa til meg «jeg tror ikke på Gud, men jeg tror jo på at kirka i Høre er viktig for oss!». Man kan fint føle tilhørighet til budskapet Gud gir oss uten å si at man selv er troende. For budskapet Gud gir er fellesskap mellom oss og han, og han gir det ved å sende sin sønn til oss. Vi tror gjennom å tro på menneske, tro på eksistensielle spørsmål, meningen med livet, tro på barns lykke når de ser et juletre og på det Jesus forteller oss i Bibelen.

Jeg jobber med frivillig arbeid og hvis du spør de som ikke er frivillig hvorfor de ikke er det, så svarer flesteparten «Jeg har ikke blitt spurt». Forskning viser at de som er frivillig lever lenger og har bedre helse. Man får ofte mer igjen enn det man gir. Frivilligheten er opptatt av å skape gode møteplasser for folk, det skal være åpent og inkluderende. Kirkebakken er viktig møteplass for man-

ge. Frivilligheten trenger også de som ikke folk ser på som ”typiske kirkefolk”. Verdibasert ledelse i frivilligheten bør gi rom for å være åpen for nye folk som har nye ting de vil bidra med – samtidig som vi skal bevare det grunnleggende i troen. Bindeleddene som folk har til kirkebygget, gravplassene, historien – alt det er viktige bindeledd vi må ta med oss inn i frivilligheten.

Jeg tror at frivilligheten kan bidra så kirka kan fortsette å være en viktig aktør som gir rom for refleksjon, ettertanke og et sentrum for folk i by og bygd. Jeg er helt sikker på at det finnes tusenvis av bindeledd der ute som vil bidra inn i folkekirka og fellesskapet vårt, og at absolutt alle mennesker har en ressurs de kan bidra med. Det kan være å lede en julebasar eller telle kollekt, være nisse på juletefesten eller synge i kor. Alt krever ulike egenskaper og vi har behov for alle.

**Marta Bjørnøy Lalim**

## Haust på biblioteket og frivilligsentralen

### Helsing frå ny biblioteksjef

No er det snart to månader sidan eg kom til Vang folkebibliotek. Mange spør om eg er systera til Eli Belsheim, og ja, det er eg. Tida til no har gått fort med fleire arrangement og å gjere meg kjent med biblioteket, kollegaer og besøkande. Biblioteket er eit godt drive bibliotek, så eg kjem ikkje med revolusjonerande tankar for drifta. Det er viktig at bygda føler at det er folkebiblioteket deira, og eg tek gjerne imot innspel og ynskjer for kva biblioteket skal vere. Eg gler meg til å bli betre kjent med folk og Vang, og ynskjer alle velkomne innom på biblioteket!

-Marianne



### Haustens arrangement

Det var godt å kome i gang igjen med kulturelle og sosiale møteplassar etter at vi stengte ned mykje før sommaren. Vi har hatt smittevern i fokus og plassavgrensing på alle arrangement denne hausten, og har fått gjennomført mange interessante hendingar;

### Sommarlesavslutning

Rundt 30 ungar, foreldre og beste-foreldre fant vegen til leikeparken då Sommarlesavslutninga vart feira 12. september. Vandreteateret «Brevene» av og med Ragnhild Lund og Dominik Schmidt-Philipp vart ei fantastisk oppleving for alle sansar med musikk, bilete og mykje humor.



### Meir enn mat

På temakvelden «Meir enn mat» 23. sept. fikk vi fleire fine samtalar

og spanande perspektiv på matproduksjon, næringskjeder, klima og miljø frå eit sær kompetent panel og gode innleiarar. Fleire følgde også livesendinga på facebook! Eit fyldig referat ligg på [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no)



### Kunst- og forteljarverkstad

11 ungar deltok på kunst- og forteljarverkstaden saman med Kat Hagen og Ivanir Sibylla Hasson i haustferien. Dei utforska kreativitet, fargar og følelsar, og resultatata vart stilt ut i galleriet, med familie og vener invitert til høgtidleg opning.



### Konsert med Moddi

14. oktober vart ein kveld for historiebøkene då Moddi gjesta biblioteket. I tillegg til ein nydeleg intimkonsert med mykje nytt materiale, fikk vi høyre tankane hans om koronalivet, turnering, samfunnsengasjement og politisk musikk, i samtale med Julie Forchhammer. Vinjerock-sjef Sigrid Skjerdal gav oss også eit innblikk i krevjande tider for festivalbransjen...



### Haustutstillinga

Haustutstillinga «Naturmummel» av Astrid Nondal opna 17. oktober og heng i galleriet fram til midten av januar.

Dominik Schmidt-Philipp spelte på opninga, og Nondal delte interessante tankar kring bileta.



### Bokbad

Forfatter Kjersti Annesdatter Skomsvold vart bokbada av Kirsti Baggethun 4. november. Ein hyggeleg kveld der vi fekk eit godt innblikk i Skomsvold sitt forfatterskap!



Dagen etter kom dei store ungene frå Fredheim barnehage til biblioteket, og fikk høyre Bente Hemsing og Stein Villa fortelje eventyr, synge og spele ulike instrument.

### Niste med noko attåt



I haust starta vi opp ein fast møteplass, som vi kalla «Niste med noko attåt». Kvar måndag er alle interesserte velkomen til biblioteket kl 11.30, med eller utan niste. Vi serverer kaffi, og (som oftast) små, kulturelle innslag. Til no har vi hatt besøk av mellom anna Jon Eggen som las Kjell Aukrust, Maren Kvale og Jan Sparstad som begge fortalte historier frå gamledagar, Elisabeth Sparstad som snakka om morsmål, Kirsti Baggethun som fortalte om Spania og Kari Hagaseth og Dominik Schmidt-Philipp som begge har gitt oss musikkopplevingar. Vi håper å fortsette med denne trivelege aktiviteten også

over nyttår – og det er plass til fleir rundt langbordet desse måndagane!



### Styreleiarverv

1. november vart Marte valt til styreleiar for Norges frivilligsentraler, som organiserer så godt som alle frivilligsentralane i landet. Ei spanande ny, og stor, utfordring! Ho held fram i jobben på frivilligsentralen her ved sidan av styreleiarvervet. Du kan lese meir om saka på [vang.frivilligsentral.no](http://vang.frivilligsentral.no)

### Våre frivillige

Blant våre frivillige finn du Jon Heimlid, som for tida øvingskøyler med Eden. Takk til alle som stiller opp for å hjelpe andre! <3



**Helsing alle oss på biblioteket og frivilligsentralen**  
Marianne, Åsta og Marte

### BUA

Det jobbast på spreng for å få på plass utstyrssentralen BUA. Der skal både ungar, ungdom og vaksne få låne utstyr til idrett, friluftsliv og tur – samt litt verktøy – heilt gratis!

Frivilligsentralen har hovudansvar for prosjektet, og jobbar i desse dagar med å tilsette ein medarbeider i 20% stilling. Med på laget er også læringscenteret, biblioteket, VBU, barnehagane, mottakssenteret, frisklivssentralen, ungdomsrådet og Lund arbeidsbase – samt frivillige. Og vi vil gjerne ha kontakt med andre som ønskjer å engasjere seg!

Lokalet ligg sentralt plassert i Vang sentrum, i det kvite huset som ligg mellom Drenkestøga og Vangsheimen. Huset har dei siste åra fungert som lager, det er no tømt, vaska og beisa lyst innvendig mellom anna med god hjelp frå frivillige. No gjenstår å få på plass meir interiør - og utstyret såklart. Her vil ein kunne låne både ski og sykklar, telt, soveposar og liggeunderlag, hengeskøyler og slakkline, fiskeutstyr, sparkesyklar, akematter og mykje mykje meir. Verktøy som ein treng sjeldan og difor er godt eigna for utlån er også på lista.

Sparebankstiftelsen DNB løyvde før nyttår 100.000,- til utstyr, og med det får BUA ein veldig god start. Vinjerock låner også ut noko av sitt utstyr slik at det blir brukt meir enn berre ein gong i året. Ikkje alt kjem til å vere på



plass frå opning – her må vi bygge opp sortimentet litt etter litt, og det vil vere gode moglegheiter for å påvirke kva som blir kjøpt inn etter kvart.

Har du spørsmål eller ønskjer å engasjere deg? Kontakt Marte på frivilligsentralen på [frivilligsentralen@vang.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@vang.kommune.no) eller 46 81 64 73.



*Khosro har vore med og måla lokalet.*

### Videoovervaking ved Høre stavkyrkje

I haust er det installert videoovervaking ved Høre stavkyrkje, slik at dersom det skjer noko uønska der, skal ein kunne sjå kva som skjer. Aktivitet blir registrert på vaksentralen, og er det då nokon dei meiner ikkje skal vere der, kjem det oppmoding på høgtalar om å fjerne seg frå kyrkjegarden. Dette betyr at dersom du er på kyrkjegarden og steller graver og du høyrer nokon seie at du bør fjerne deg, så er det berre nokon som har misforstått noko. Ikkje la deg skremme om du høyrer dette.

### Retting:

Det stod ei lita orientering om ny frisklivsrettleiar av Kari Bø Wangensten i forrige utgåve.

Det vart feil i overskrifta, den skulle vere:

«**Ny frisklivsrettleiar på plass**».

Vi beklagar feilen.



### Juletefesten er avlyst!

Høre Sokneråd har bestemt seg for å avlyse juletefesten i år. Vi håpa i det lengste at det skulle vera mogleg å arrangere ein tilnærma normal og smittesikker juletefest, men slik situasjonen har utvikla seg i haust let det seg dessverre ikkje gjere. Vi tek ingen sjansar!

Vi oppmodar alle til å delta på Kyrkja i Vang sine arrangement, enten ved fysisk oppmøte eller gjennom digitale kanalar. Høre sokneråd ynskjer alle ei riktig god og trygg jul!



## Grindaheim Røde Kors vann årets Positivpris



**Eit av årets høgdepunkt for ordføraren er å få dele ut Positivprisen.**

2020 har vore eit heilt spesielt år. For deg, for meg, for oss alle. Ein kan kanskje også hevde at årets kandidat også er litt utanom det vanlege, at juryen har strekt strikken langt. Ja, kanskje det, men me står støtt i det valet som me har gjort.

Vinnaren av Positivprisen er ofte ein eller ei som set frivillig arbeid høgt. Som brukar tid på andre. Som set seg sjølv i andre rekke. Årets vinnar er nettopp akkurat slik. Stiller opp på kort varsel, har gode eigenskapar, fagleg dyktig og utfører oppgåvene med respekt og med stor gjennomføringsevne.

Oppgåvene kan vere svært varierte. Det kan bli sett krav til mot, styrke, rask responstid og ikkje minst det å vere eit medmenneske.

12. mars 2020 vart landet vårt stengt ned. Landet var i krise. Me trengte alle som kunne stille opp i og for samfunnet. Også her i Vang. Kriseleiinga i kommunen vart samla; korleis skal me takle dette her? Saman og åleine. Me trengte å spele på alle ressursar. Virussjukdommen Covid 19. spreidde seg raskt. Det var

viktig å få testa dei som kunne vere smitta. I starten vart berre nokre få utvalte testa, etter kvart fleire. Det har vore ein krevjande jobb, ein har måtte stille opp på kort varsel for å få gjennomført nødvendig testing.

Årets kandidat har over ei lang rekke med år bygd seg opp kompetanse, investert i nødvendig utstyr, drev med opplæring av seg sjølv, men og for andre i bygda. Mange stiller også med eige med privat utstyr når det måtte trengjast. Det er snakk om ambulanse til sjuketransport, redningsbåt med tilhengar og snøscooterar med meir.

Oppdraga har vore mange og ofte både krevjande og farefulle. Dei er klare til å rykke ut 24 timar i døgnet, 365 dagar i året. Dei gjer ein framifrå innsats for samfunnet vårt. Øvingar i fjellet og elles i naturen gjev god lokalkunnskap, noko som er heilt avgjerande i ein krisesituasjon.

Utan deira og andre sin frivillige innsats, hadde ikkje Vang kommune hatt så god beredskap som me

trass alt har. Ja, det er mykje meir lovord ein kunne si til årets vinnar av positivprisen, men eg trur alle skjønner kor viktig jobb dei gjer og at dei fortener å bli sett pris på.

Og berre for å presisere det som vart utslagsgjevande i år, vår den enorme innsatsen som har vorte lagt ned i samband med testing av alle som har trutt, eller skal me si frykta, har vorte smitta av koronavirus. Som me veit, er det pr. no ingen med påvist smitte i Vang. Det skal me vere taknemlege og glade for.

Ja, det er vel ikkje lenger noko tvil. Vinnaren av Positivprisen 2020 er Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps!

Ansvarleg for gjennomføring av testane, tidlegare kommuneoverlege Sidsel Offergård Jevne, skal få blomane for sin innsats. Ho har i godt samarbeid med noverande kommuneoverlege Marit Tuv og anna helsepersonell, gjort ein formidabel innsats.



## Vang kommune

ynskjer lesarane  
**God Jul og  
Godt Nytt år!**

*Vidar Eltun*

Vidar Eltun  
Ordfører



## Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Montér Kvismo	61 36 81 85
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ola Grøv – kontor og regnskap	61 36 77 13
Bjørke Direkt, v/ Eivind Dahl	91 79 71 97	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Rogn Bil og landbruk	
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Elektrisk Installasjon AS,		Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektromontasje,		Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	Tyin Filefjell Skiheiser	46 66 56 65
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
El-Tjenester, Stein I. Sæternes:	99 55 18 17	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Filefjell Kjøpesenter,		Tyinlam	99 46 61 15
v/Arntfinn Hermundstad	61 36 77 17	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Føsse Frisorstudio	94 89 12 05	Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Grindaheim Bygg &		v/Jon Magnus Hjellev	
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Harald Thomas Jevne, Tømrer	48 29 29 06	Vang Bunadsaum	61 36 70 37
Haukåsen Sølvis Saum	95 91 55 06	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Grave- og Transport-	
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	service AS	95 87 90 04
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Maskin AS	91 10 19 28
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Rør	99 52 22 22
Intersport Filefjell AS	61 36 73 46	Valdres Sparebank, Vang	61 34 36 00
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Jotun Bygg AS	99 69 06 30		
Jotun Kraft AS	61 36 75 50		
Kampenes Begravelsesbyrå	61 36 17 70		

### Redaksjonen vil rette ein hjarteleg takk til alle bidragsytarar

for godt lesestoff, flotte bilder og nyttig informasjon. Ein ekstra takk til Vang kommune for økonomisk tilskot, det er eit godt bidrag til drifta av Vang Menighetsblad. Takk til Ingrid Wigdel for god layout og Skrivargarden for godt samarbeid. Hjarteleg takk til sokneråda som organiserer utkøyring av Vang Menighetsblad, og hjartans takk til dei som køyrer ut. Ein spesiell takk til våre sponsorar dette året: Kyrkjeleg Fellestråd i Vang, Intersport Filefjell, Elektrisk Installasjon, TK Bygg.

Redaksjonen ynskjer alle ein gledeleg jul og eit godt nyttår!

### Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til: Torgeir Før's minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller e-post: [torgeirforsminne@yahoo.no](mailto:torgeirforsminne@yahoo.no)

### Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger 'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye  
Sokneråd

### Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre  
sokneråd

Slekters  
Gang



Vang sokn

Døyp:

11.10: Filip Belsheim Egge

Vigsel:

10.10: Anne-Guri Søndrol og  
Haakon Møller Wahlquist

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:

Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Sidsel Offergaard Jevne, Jovita  
Budvytiene, Ragnhild Hovda,  
Ivar Hemsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Ingebjørg Wigdel  
[vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

Rekneskap:

Kyrkjeleg fellestråd  
Kontonummer: 2146.30.04444

Merk:

Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

# Gudstenesteliste

**13. desember - 3. søndag i adventstida**  
**Vang kyrkje kl. 19:00**

Lysmesse med konfirmantane  
 v/sokneprest Laugaland og organist  
 Budvytis. Nattverd

**15. desember - tysdag kl. 13:00**  
**Skulegudsteneste - Vang kyrkje**  
 ved 1. og 2. klasse, sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**16. desember - onsdag**  
**Skulegudsteneste - Vang kyrkje**  
 v/sokneprest Laugaland og organist  
 Budvytis

**17. desember - torsdag**  
**Skulegudsteneste - Vang kyrkje**  
 v/sokneprest Laugaland og organist  
 Budvytis

**17. desember - Vang kyrkje kl. 19:00**  
 Vi syng og spelar jula inn. Vangskoret  
 deltek. Påmelding til 48624468

**21. desember - Vangshallen kl. 19:00**  
 Vi syng og spelar jula inn. Fjellblom  
 musikklag og Vangskoret deltek.

**23. desember - Vangsheimen kl. 13:00**  
 v/sokneprest Laugaland og organist  
 Budvytis

**24. desember - Julaftan**  
 • Påmelding til tlf. 486 24 468

• **Øye kyrkje kl. 12:00**  
 • Gudsteneste v/sokneprest Laugaland  
 • og organist Budvytis

• **Høre stavkyrkje kl. 14:00**  
 • Gudsteneste v/sokneprest Laugaland  
 • og organist Budvytis

• **Heensåsen kyrkje kl. 16:00**  
 • Gudsteneste v/sokneprest Laugaland  
 • og organist Budvytis

**25. desember - 1. juledag**  
 • Påmelding til tlf. 486 24 468

**Vang kyrkje kl. 12:00**  
 Høgtidsgudsteneste v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**27. desember - søndag etter jul**  
 Vang kyrkje kl. 18:00 Konsert med  
 Veronika Kashina og venner

**31. desember - Nyttårsaftan**  
**Vang kyrkje kl. 17:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd og dåp

**1. januar - Nyttårsdag**  
**Utsikten i Ryfoss kl. 12:00**  
 Nyttårsvandring v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**6. januar - onsdag kl. 10:30**  
 Vang kyrkje: Morgonsong

**10. januar - 2. s. i openberringstida**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd.  
 Årsmøte etter messa

**17. januar - 3. s. i openberringstida**  
**Høre stavkyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd.  
 Årsmøte etter messa

**Vang kyrkje kl. 19:00**  
 Vangskoret syng jula ut

**24. januar - 4. s. i openberringstida**  
**Vang kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd.  
 Årsmøte etter messa

**31. januar - Sámannssundagen**  
**Øye kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd.  
 Årsmøte etter messa

**3. februar - onsdag kl. 10:30**  
 Vang kyrkje: Morgonsong

**6. februar - laurdag: Samefolkets dag**  
**Øye kyrkje kl. 19:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Prost Weisser deltek.

**14. februar - Fastelavnssøndag**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd

**17. februar - Askeonsdag**  
**Vang kyrkje kl. 19:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis

**21. februar 1. - søndag i fastetida**  
**Høre stavkyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd

**24. februar - onsdag**  
**Øye kyrkje kl. 19:00**  
 Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis

**7. mars - 3. søndag i fastetida**  
**Vang kyrkje kl. 19:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis.

**10. mars - onsdag kl. 10:30**  
 Vang kyrkje: Morgonsong

**Øye kyrkje kl. 19:00**  
 Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis

**14. mars - 4. søndag i fastetida**  
**Øye kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Nattverd

Sjå nettsida vår for meir info:  
[kyrkja.no/vang](http://kyrkja.no/vang)



TK BYGG

- har betalt denne utsendinga av  
**VANG MENIGHETSBLAD**